



## P R E S S E M E L D I N G

### **Voss Sparebank har fått løyve til kjøp av inntil 20% av aksjekapitalen i Vekselbanken**

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har i dag vorte meddelt frå Kredittilsynet at Voss Sparebank på visse vilkår har fått løyve til å erverva inntil 20% av aksjekapitalen i banken.

Kredittilsynet gjer samstundes Voss Sparebank merksam på at kjøp av aksjar i Vekselbanken utover 10% berre kan gjennomførast dersom det ved vedtektsendring på banken si generalforsamling vert opna for eigarskap utover 10%.

Styret i banken har ved fleire høve i haust handsama saka om Sparebanken Vest sitt løyve til erverv av inntil 20% av aksjekapitalen i banken. Styret sin strategi er at Vekselbanken skal vera ein fri og sjølvstendig bank med spreidd eigarskap og sterk lokal forankring i tråd med tradisjonen i 110 år og vil difor ikkje fremja forslag om slik endring av eigargrensene.

Voss, 16.desember 2009

Einar Larsen  
Fungerande banksjef